

**LES AVISA PÅ PADDE:**

**Få Standpunkt som e-avis rett i e-postboksa!**

Side 7

**LANDSKONFERANSEN:**

**Bli med på konferanse 12. og 13. april**

Side 14

**NYTT GRATIS VETT-HEFTE:**

**Ti grunner til at EU vil handle med oss uten EØS-avtalen**

Side 9 og vedlagte Vett-hefte

**vett**

**TULL OM TOLL**

Trenger vi egentlig EØS-avtalen for å selge varer og tjenester til EU?



## JERNBANEPAKKE 4:

# Privatisering og forsinkelser med EUs nye jernbaneplan

**EUs jernbanepakke 4:** Norsk Lokomotivmannsforbund frykter:

- Mer oppstykket kollektivtilbud.
- Dårligere korrespondanse
- Mer ventetid
- Stor overføring av ressurser fra det offentlige til private

Les mer på side 4-5

**Meld deg inn med SMS**

Send følgende SMS-melding  
NEITILEU <DITT NAVN  
OG POSTADRESSE> til  
2090 (Kroner 150,-)



Av Heming Olaussen, leder i Nei til EU  
Tegning Pål Hansen, alias UKRUT.no

# EØS på skinner?

EU har lansert sin jernbanepakke IV. Hovedinnholdet er:

- Anbud blir obligatorisk ved tildeling av kontrakter om offentlige jernbanetjenester
- Tilsyn og tillatelser skal utføres/gis av det europeiske jernbanebyrået (ERA)
- Jernbaneverkenes rolle skal styrkes, og det skal skilles enda klarere mellom ulike selskaper og deres roller – som for eksempel Jernbaneverket og NSB her hjemme.

EU tviholder på sin avlegse oppfatning om at fri konkurranse og markedet skal ha forrang for demokratisk politisk styring. Nå er det tut og kjø for alle penga. Innen busstransport, veitransport og flytrafikken. Turen er kommet til toget. Det vil si persontransport med tog, for godstrafikken er for lengst satt ut på anbud.

**Nei til EU** har i og for seg ikke noe spesifikt syn på om persontrafikk på jernbane i Norge bør konkurranseutsettes. Vi innrømmer likevel at vi synes det høres merkelig ut, gitt det voldsomme etterslepet vi har i Norge på investeringer i såvel infrastruktur som vedlikehold av jernbanen. Tross en betydelig dose skepsis til mantraet om at konkurranse på skinnene er lurt, erkjenner vi sjølsagt at dette er et spørsmål som må gjøres opp i møtet mellom partiene og velgerne i valg. I Norge.

Storingsvalget til høsten er en glimrende anledning til å la det nasjonale demokratiet utfolde seg: Hvem er for, og hvem er mot en sånn konkurranse? Hvem er for, og hvem er mot at statlige milliarder skal gå til å kjøpe tog-tjenester fra Deutsche Bahn eller private drivere i stedet for av NSB? Det vil mange gjerne vite, før de putter stemmeseddelen i urna 9. september.

Men så er kanskje dette nasjonale demokratiet som vi holder så høyt rett og slett overflødig? EU mener, i all sin klarsynte visdom, at dette er noe de skal bestemme. Konkurransutsetting SKAL gjennomføres – uansett hva norske politikere og norske velgere måtte mene. Via EØS sjølsagt, som gjør norsk demokrati til parodi. Og gir Brussel enorm makt i Norge, på tross av folkets standhaftige nei til nettopp det at makta skal flyttes fra det norske Stortinget til EU.

**Vi trenger snart** nesten et EØS-opprør. I demokratiets navn.

Forhåpentligvis kan det komme noe som likner på LO-kongressen i mai. Det er gode, saklige grunner til det. EU motarbeider kampen mot sosial dumping. Sist ut er EUs håndhevingsdirektiv, som vil listeføre akseptable nasjonale tiltak som kan godkjennes. Tre-partssamarbeidet, eller den norske modellen som Stoltenberg og Flåthen er så stolte av, skal underordnes EU-regelverk. Også her. Det samme ser vi på helseområdet, der EUs

pasientrettighetsdirektiv omgjør helse til en vare i et marked. Fagforbundet har slått fast at direktivet åpner bakdøra på vidt gap for private sjukehus. Hva mener regjeringa og partiene?

Innenfor veitransporten vil EU ha fullstendig fri flyt og ønsker ingen nasjonale restriksjoner på den frie konkurransen om oppdrag i det enkelte land. Det mangler ikke på advarsler, mot underbetalte sjåfører uten norskkunnskaper, trailere uten vinterdekk, busser som oppfører seg som Bambi på isen og så videre. Alvorlige ulykker har vi også sett. Svaret har vært: «Vi må vente med å gjøre noe til EU gjør det først.» Det er en håpløs holdning, som dessverre gjennomsyrrer deler av det norske statsapparatet. Ingen nasjonale erfaringer betyr noen ting mot EUs ideologiske overbevisning om den frie flytens vekstskapende kraft. Heller ikke hestekjøttskandaler eller fri flyt av smitte får noen i Brussel til å tenke seg om. Stø kurs – uansett – er visst ikke bare Jens Stoltenbergs mantra.


**Norge har nettopp** hatt besøk av rebellen og skuespilleren Martin Sheen. Hans agenda var atomnedrustning. Men hans grunnfortelling var folkelig motstand som håp og strategi. Politikerne kommer etter – bare trykket nedenfra blir sterkt nok. Det gjelder åpenbart innen EU for tida.

Derfor skal da også Nei til EU delta i det «alternative toppmøtet» (Alter Summit) som skal holdes for tusenvis av aktivister, fagforeninger og NGO-er i Aten i juni. Det må bygges en motmakt til den dominerende klassen av politikere, byråkrater og næringslivstopper i EU. De turer fram med sin ødeleggende politikk, der kutt i lønninger, sosiale ytelser, velferd og arbeidsplasser nærmest har blitt et mål i seg sjøl. Alt mens de rike blir bare enda rikere. Her hjemme må dette komme til uttrykk i EØS-motstand. Av hensyn til den norske samfunnsutviklinga. Av hensyn til et anstendig norsk arbeidsliv. Av hensyn til demokratiet.

Vi må rett og slett over på et annet spor. Vi kan jo begynne med å si nei takk til EUs jernbanepakke IV.

„ Fellesvalutaen var euro-elitenes produkt. Det var ikke noe folkene ville ha. En politisk union er noe de europeiske folkene overhodet ikke ønsker seg. Er det likevel noe de bør påtvinges, bare for at valutaunionen skal fungere? Og hva blir da konsekvensene?

Per Edgar Kokkvold, Adressa.no 21. februar 2013



» **Arbeiderpartiet vil ikke endre en tøddel i EØS-avtalen uansett hva LO-kongressen måtte vedta om EØS. Det begeistra ikke.**



**Avviser EØS-endring.** Aps partisekretær Raymond Johansen møtte 500 faglige tillitsvalgte på Trondheimskonferansen for å fortelle at partiet ikke vil akseptere noen endring av EØS-avtalen.

FOTO: ARBEIDERPARTIET

# Er det farlig å stille samme krav til EØS som Euro-LO stiller til EU?

Da Arbeiderpartiets partisekretær Raymond Johansen møtte fem hundre faglige tillitsvalgte på den årlige Trondheimskonferansen, ble han hilst velkommen med utfordringen: «Hvis du begeistrer oss, vinner du valget! Hvis ikke, taper du ...»

Partisekretæren møtte forsamlingen med ei kald skulder: Arbeiderpartiet vil ikke endre en tøddel i EØS-avtalen uansett hva LO-kongressen måtte vedta om EØS. Det begeistra ikke.

**Over hele Europa** har faglige rettigheter lenge stått under press. «EUs medlemsland prøver i altfor mange tilfeller å underby hverandre med lavest mulig lønn, de mest fleksible arbeidsforhold, de svakeste arbeiderrettighetene, den laveste sosiale beskyttelsen og den laveste profittbeskatningen.»

Så krasst ble situasjonen i EU skildra av Euro-LO i mars 2006 – to år før krisa slo til. Om dette var sant før krisa, er det ikke blitt mindre sant som følge av krisa. Det dokumenterer Euro-LOs forskningsinstitutt ETUI i rapport etter rapport.

Da er det ekstra truende for fagbevegelsen i Europa at EU-domstolen med en serie dommer i 2007–08 fastslo at grunnleggende faglige rettigheter heretter skal underordnes markedsfriheten til EU.

EU-domstolen begrenser konfliktretten (Viking Line- og Laval-dommene), begrenser adgangen til å stille krav

om tariffønn ved offentlige oppdrag (Rüffertdommen) og retten til en prinsipiell likebehandling av utenlandske og innenlandske selskap hvis de utenlandske tar på seg oppdrag innenlands (Luxemburg-dommen).

**I tidsskriftet «Arbeidsrett»** skriver Norges ledende ekspert på europeisk arbeidsrett, professor Stein Evju, følgende: «Med den tilnærming EU-domstolen har bygget på, og den retts-tilstand domstolen derved har etablert, er i realiteten selve fundamentet for de kollektivarbeidsrettslige ordningene og tariffavtalesystemet truet.» (nr. 1-2/2010)

Det er dramatisk også for den norske arbeidslivsmodellen – siden alt EU-domstolen bestemmer, skal via EØS gjelde også i Norge. Dommene forrykker styrkeforholdet mellom fagbevegelse og arbeidsgivere i en situasjon der fagbevegelsen er på defensiven i de fleste land i Europa.

Det bør ikke overraske at fagbevegelsen i Norge og i mange andre europeiske land setter mye inn på å finne veier ut av denne situasjonen.

**Her i Norge har forbund** etter forbund de siste månedene stilt krav om at EØS-avtalen ikke må sette til side lov- og avtalefestete arbeidstakerrettigheter.

Fagforbundet, El- & it-forbundet, Postkom, Handel og Kontor og Utdanningsforbundet står sammen om

to krav:

- at EØS-avtalen ikke griper inn mot norske tariffavtaler.
- at EØS-avtalen ikke svekker faglige rettigheter eller den norske arbeidslivslovgivningen.

Vedtaket til El- & it-forbundet hadde som siste punkt: «Dersom dette ikke er mulig, må avtalen sies opp og erstattes med mer ordinære handelsrelasjoner mellom Norge og EU.»

Når Ap- og LO-lederne Stoltenberg og Flåthen reagerer så kraftig mot de to krava, må det være fordi de ikke tror EØS-avtalen gir et slikt vern av norske tariffavtaler eller norsk lovgivning for arbeidslivet.

**Det trodde heller ikke flertallet i**

EU-parlamentet da det så tidlig som i oktober 2008 – med overraskende stort flertall (474 mot 106) – vedtok at markedsfrihetene ikke skal være overordna grunnleggende rettigheter som retten til å inngå tariffavtaler og til å gå til arbeidskonflikt.

Parlamentet gikk derfor inn for en juridisk bindende sosialprotokoll knytta til EU-traktaten som skulle sikre at konfliktretten ikke underordnes den frie flyten av arbeidskraft

Euro-LO formulerte i 2009 teksten til en slik sosialprotokoll der kjernen var: «Ingen ting i traktatene, verken økonomiske friheter eller konkurranseregler, skal ha prioritet over grunnleggende sosiale rettigheter og sosiale framskritt.

I tilfelle av konflikt skal grunnleggende sosiale rettigheter ha fortrinnsrett.»

Faglige rettigheter er blant de sosiale rettighetene som Euro-LO vil verne på denne måten. Det er nøyaktig det samme som forbund etter forbund har bedt LO-kongressen om å vedta når den samles i mai neste år, men som ledelsen i Arbeiderpartiet advarer mot.

**Sammen med lederne for Unio og**

**YS** har LO-leder Roar Flåthen slått fast at «grunnleggende faglige rettigheter må respekteres og at europeisk fagbevegelse sitt forslag om en sosial pakt må bli en realitet ...» (Klassekampen 14.11.2012) Hvorfor er LO-lederen så redd for at LO-kongressen skal vedta noe tilsvarende?


Hvis dette er krav til EU som samler fagbevegelsen i Europa, burde da norsk fagbevegelse kunne stille tilsvarende krav til EØS.



**Dag Seierstad**  
Varamedlem til styret i Nei til EU

EU-KOMMISSJONENS JERNBANEPAKKE 4:

# EU vil tvinge fram jernban



**Dårlegare tilbod.** Meir konkurranse på persontog kan føre til auka press på ein skinnegang som allereie har plassproblem. I tillegg vert det vanskelegare å få god korrespondanse mellom ulike avgangar. Resultat

– Når dei private skummar fløyten på dei lønsame rutene, så vert det mindre att til resten, seier Rolf Jørgensen, leiar i Norsk Lokomotivmannsforbund.

Framlegget frå EU-kommisjonen vert kalla jernbanepakke 4, og vil konkurranseutsetje heile jernbanesektoren. Norsk Lokomotivmannsforbund åttvarar mot framlegget, som dei meiner kan føre til at Noreg ikkje lenger kan bestemme over si nasjonale jernbane.

– Jernbanepakke 4 kan føre til ei massiv overføring frå det offentlege til private, seier forbundsleiar Rolf Jørgensen.

#### Dyrare og dårlegare

Det er på dei mest lønsame rutene det er aktuelt med konkurranse. Sjølv om det gjev eit større utval på nokre strekningar, er Lokomotivmannsforbundet uroa for at det samla tilbodet vil verte svekt. Kollektivtilbodet vert meir oppstykkja og resultatet kan verte dårlegare

korrespondanse og meir ventetid for passasjerane.

I godstrafikken og i passasjertrafikken mellom landa er det i dag fri konkurranse. Men landa har framleis høve til å styre den innanlandske persontrafikken. Noreg og fleire EU-land ønskjer å halde fram med å la det nasjonale jernbaneselskapet få drive heile den innanlandske persontrafikken utan konkurranse. Men jernbanepakke 4 vil opne for at utanlandske jernbaneselskap kan opprette konkurrerende passasjerruter på innanlandsk trafikk. I tillegg må persontrafikken setjast ut på anbod, og det må verte tydelegare skilje mellom togselskapa og dei selskapa som forvaltar infrastrukturen, altså skinnene med meir.

#### Kritiske til privatisering

Jørgensen er svært kritisk til disse framlegga. Samanliknar ein erfaringane frå andre europeiske land, er det ikkje dei landa som har konkurranse som har den beste kollektivtransporten. Tvert imot er jernbana i Sveits rekna som den beste i Europa, trass i at både skinner og tog vert drive av det same statseigde selskapet.

– EU-kommisjonen brukar to land som døme på fordelane med konkurranseutsetjing, og det er Storbritannia og Sverige. Det er nettopp dei landa vi brukar som døme på kor dårleg det kan gå når jernbanen vert privatisert, seier han.

I Sverige vart persontrafikken konkurranseutsett i 2010. Oppsplittinga av jernbanen har ført til kommunikasjonsproblem

#### FAKTA

### Nei til EUs vedtak om jernbanepakken

Nei til EU mener regjeringen i tråd med norske interesser må arbeide for at EU ikke vedtar regelverk som:

■ Gir Det europeiske jernbanebyrået (ERA) overnasjonal myndighet blant annet angående jernbanedriftens sikkerhet. Pålegger obligatorisk bruk av anbud ved tildeling av kontrakter om offentlige jernbanetjenester.

■ Pålegger skille mellom togselskap og jernbaneverk. Enhetene er atskilt allerede i

NSB og Jernbaneverket, men samferdselsministeren har for eksempel tatt til orde for en fremtidig omorganisering. Det er en valgfrihet Norge mister om det forbyes av EU/EØS-regler.

■ Norge må avvise at EU skal overstyre norsk folkestyre på dette området, og regjeringen må om nødvendig bruke reservasjonsretten mot jernbanepakke 4.

*Fra vedtak i Nei til EUs styre 2. mars 2013*

som passasjerane har mått betale for, spesielt i form av innstilte tog og ventetid mellom togbyte.

– Det er fleire som tek tog i Sverige no enn i 2010. Men det kjem av at det vert brukt meir pengar på jernbane etter

omlegginga. Og investerer ein meir, går talet på passasjerar opp, uansett om jernbanemarknaden er konkurranseutsett eller ikkje, seier Jørgensen.

I ein rapport frå det svenske fagforbundet SEKO kjem det

# neprivatisering



” I en rapport frå det svenske fagforbundet SEKO kjem det fram at dei samfunnsøkonomiske kostnadane for forseinkingar og innstilte tog i persontrafikken i 2010 kom på over fem milliardar kroner.

atet kan verte enda verre forseinkingar og meir ventetid.

FOTO: EIVIND FORMOE

fram at dei samfunnsøkonomiske kostnadane for forseinkingar og innstilte tog i persontrafikken i 2010 kom på over fem milliardar kroner.

## Viser til Gjøvikbanen

Gjøvikbanen vart konkurranseutsett i 2004 og strekinga vert no driven av NSB Gjøvikbanen AS, som er eit dotterselskap av NSB. Samferdsleminister Marit Arnstad meiner at erfaringane med Gjøvikbanen ikkje er argument for at resten av jernbanesektoren også bør konkurranseutsettast.

– Transportøkonomisk institutt sin evalueringsrapport fra 2010 viser gode resultat i form av betre togtilbod og betydeleg lavare driftsutgifter, utan at det har hatt negative verknader for løns- og arbeidstilhøva for dei tilsette, sa Arnstad i Stortinget 8. januar (doffin.no).

– Korvidt dei gode resultat hovudsakleg skuldast at Gjøvikbanen blei konkurranseutsett,

er meir usikkert. Disse resultatane kan like gjerne tilskrivas godt samarbeid på lokalt nivå.

Arnstad viste til at togtransporten er avhengig av store faste kostnader, og må ha store og føreseielege volum for å vere lønsame. Det er difor sjølvmotseiande å dele opp togtransporten for å la ulike togselskap få konkurrere med kvarandre. Noreg er eit lite land med få innbyggjarar og oppdeling av eit allereie lite volum kan gje ein forsterka negativ effekt.

## Vekst utan anbod

Rolf Jørgensen meiner veksten på Gjøvikbanen ikkje er eit resultat av konkurranseutsetjinga.

– Gjøvikbana vert framstilt som ein suksess fordi fleire tek toget, men det er ikkje rart at dei får trafikkvekst når dei har auka talet på avgangar med 40 prosent. Men på Kongsvingerbana har NSB sett inn nyare togsett og fleire ruter og fekk akkurat same auken der, sa Jørgensen.

– Trafikken har faktisk auka så kraftig at det no kjem klagar på for fulle tog. Det viser at ein kan få akkurat same trafikkveksten også utan anbod.

## Ser til Postkom

Debatten om jernbanepakka vil kome opp på LO-kongressen i mai, og Rolf Jørgensen meiner det er gode sjansar til å få eit vedtak mot konkurranseutsetjing av resten av jernbanesektoren. Han meiner også at den vellukka kampanjen som Postkom førte mot EUs postdirektiv er eit førebilete i kampen mot jernbanepakka.

– Dersom jernbanepakka vert vedteken i EU, skal den ikkje implementerast før i 2019. Vi vil jobbe breitt og bruke dei positive erfaringane frå Postkom sin kamp mot postdirektivet for å vinne denne kampen, slår Rolf Jørgensen fast.

## Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neitileu.no

## Fri flyt farlig for folkehelsa

■ «I det siste har vi opplevd mangel på tilstrekkelig kontroll både når det gjelder hva slags mat som blir importert, og ved import av kjæledyr», heter det i en uttalelse fra Nei til EUs styre.

«Det er selve fri-flyt-regimet, kjernen i EUs indre



marked, som er årsaken til problemet. Nei til EU mener folkehelsa må forsvares mot

EUs fri flyt-regime gjennom EØS.»

## EØS-seier til LO

■ Høyesterett har bestemt at allmenngjøringen av reise, kost og losji, utenbystillegget og arbeidstid er lovlig, i strid med uttalelsen fra EFTA-domstolen.

– NHOs angrep på allmenngjøringsordningen er slått tilbake, sier Roar Flåthen til frifagbevegelse.no 5. mars. Han får følge av LO-advokat

Håkon Angell.

– Dette er den største seieren for norsk fagbevegelse, LO, lønnsdannelsen i Norge og allmenngjøringsordningen i moderne tid, sier til Angell til frifagbevegelse.



## – Må si nei til EUs bankunion

■ «Nyhetsmeldinger etter Jens Stoltenbergs nylige statsbesøk i Brussel ga inntrykk av at regjeringen ønsker å underlegge Norge EUs bankunion. Nei til EU mener en slik tilslutning vil medføre uoversiktlige økonomiske forpliktelser for Norge og en myndighetsoverføring i strid med grunnlovsprinsippene



om nasjonal suverenitet», heter det i en uttalelse fra Nei til EUs styre.

«Nei til EU ber derfor regjeringen avvise bankunionen som ikke EØS-relevant.»

## Bli pilotlag på verving

■ I år har Nei til EU lyst til å få til eit samarbeid mellom sentralen og eitt eller fleire lokallag på å gjera eit litt anna og litt grundigare vervearbeid forankra lokalt.

– For å få til dette, treng vi hjelp frå deg i lokallaga! Det vi ser for oss, er å gå gjennom lokalsamfunnet med dykk og kartleggja kven som kan vera

aktuelle for medlemskap i Nei til EU, seier medlemsregisteransvarleg Remi Moen.

– Vil du og/eller laget ditt vera med i dette arbeidet, eller vil du at vi skal ta kontakt for å diskutera dette nærmare? Ta kontakt med Remi Moen, mobil 932 62 322 eller e-post medlem@neitileu.no så tek vi ein prat!

## VARME ORD & STIKK I SIDA

■ Standpunkt vil i dette nummeret dele ut Varme ord og Stikk i sida til:



### Varme ord

Marit Arnstad

Samferdselsminister

Fordi hun trenger dem, når hun står overfor et EU som vil liberalisere alt innen samferdselssektoren, både jernbane, buss, langtransport og fly. Arnstad har bein i nesa, det veit vi. Det vil hun trenge i tida framover, i forsvaret av at Norge skal bestemme sjøl.

### Stikk i sida

NHO

som har brukt opp alle rettsinstanser i Norge for å undergrave kampen mot sosial dumping. Tapet i Høyesterett må ha svidd. Gratulasjonene går til fagbevegelsen, som har fått full støtte for allmenngjøring av tariffavtaler – mot uttalelsene fra EFTA-domstolen. Høyesterett er ikke så EU-servile likevel?



**Bare vinnere?** Alle statslederne mente de var vinnere med EUs langtidsbudsjett, men det var Angela Merkel som igjen fikk det som hun ville. Her er den tyske statslederen sammen med EU-president Herman Van Rompuy på toppmøtet i februar.

FOTO: EU

## NYTT LANGTIDSBUDSJETT FOR EU:

# Kunsten å selge et budsjett

– En av de lykkeligste dagene i mitt liv, erklærte Polens statsminister Donald Tusk. Sjelden har et budsjettvedtak vært mer oversolgt enn EUs langtidsbudsjett for 2014–2020.

Det var en, naturlig nok, lettet EU-president Herman Van Rompuy som i Brussel fredag 8. februar kunngjorde at statslederne nå var enig om rammene for EUs nye langtidsbudsjett. På forhånd hadde vi fått vite at møtet i Det europeiske råd, EUs toppmøte, var siste sjanse hvis man skulle rekke å få klart et detaljert budsjett for endelig vedtak over sommeren.

Infomaskineriet i Brussel liker å spille opp dramaet i forhandlingene, for å sette arenaen for heltemodig innsats og triumf. Denne gangen var det ikke måte på superlativer om hvor godt utfallet var for alt og alle.

– En av de lykkeligste dagene i livet mitt, erklærte Polens statsminister Donald Tusk.

– Vi kom med tre prioritinger og innfridde dem alle, sa

Danmarks Helle Thorning-Schmidt.

– En god avtale for Irland og en god avtale for Europa, oppsummerte Irlands Enda Kenny.

### Budsjettkutt

Hva var det de jublet for? Hovednyheten var at for første gang ble det gjort et kutt i EUs flerårige budsjett. Budsjetttrammen for perioden 2014–20 er 960 milliarder euro, 1 prosent av unionens BNP. I forhold til EU-kommisjonens forslag var det en reduksjon på 65 milliarder. Dermed kunne David Cameron proklamere seier for sin kuttlinje, sammen med kumpanene Mark Rutte fra Nederland og Sveriges Fredrik Reinfeldt.

I skyggen av denne totalsummen ble det også vedtatt rammer for de seks hovedkapitlene

i budsjettet. For mange land er denne fordelingen viktigere enn størrelsen på budsjettet og det som avgjør landenes netto-bidrag: hvor mye de må betale til EU og hva de får tilbake. Når Frankrike, Italia og Spania godtok et lavere totalbudsjett, var det fordi kuttene på landbruk og regionalpolitikken ble mindre enn foreslått.

Budsjettkuttet ga Cameron konfekt å ta med til London, men det var Tysklands Angela Merkel som igjen tråkket frem avtalen. Det rådmøtet ble enig om var i bunn og grunn hennes eksakte forslag. Ikke merkelig at hun mente EUs statsledere hadde funnet en fornuftig balanse mellom innstramning og fokus på å stimulere økonomien, som hun uttrykte det.

### Ekstra godbiter

Så hva var det egentlig de andre jublet for? Den britiske avisen Sunday Telegraph avslørte 2. mars detaljene om «godbitene» som berget budsjettet. 18,4 milliarder euro – 138 mrd kr – ble flyttet om til mer eller mindre gode formål i de ulike medlemslandene. Det er ikke urimelig at Romania, som får merke kuttene i regionalpolitikken, fikk 1,5 milliarder påplussset. Men at Danmark fikk rabatt på EU-kontingenten, Frankrike 200 millioner euro for Mayotte, en øy på østkysten av Afrika som nylig ble del av Frankrikes oversjøiske områder, eller at Luxembourg fikk 20 millioner euro ekstra til distriktsutvikling, selv om landet er EUs mest velstående medlemsstat, har ingen annen funksjon enn å gi regjeringsjefene noe å selge budsjettet med på hjemmebane.

Enda viktigere er slingringssonnet i måten EU setter opp budsjettet på. Det er ikke absolutte tall, men to kategorier: forpliktelser (commitments) og utbetalinger (payments). Totalrammen på 960 milliarder er forpliktelsene, utbetalingene

i perioden er beregnet til 908 milliarder. Dette tekniske skillet ga spillerom for å selge budsjettet.

Mens forhandlingene stort sett hadde handlet om rammen for forpliktelsene, var det for mange statsledere et poeng å fremstille budsjettet som lavest mulig. David Cameron brukte for eksempel beløpet 908 milliarder for å gi inntrykk av et større kutt. Mens i de landene som er nettomottagere av midler fra EU, omtalte man budsjettet som 960 milliarder. Forskjellen er ikke ubetydelig: 390 milliarder kroner.

### Justis vokser mest

Mens budsjettet kutter i landbruk og regionalstøtte, er det økninger til tiltak for konkurransevne, administrasjon, utenrikstjenesten og – aller mest – justis. Det reflekterer EUs opptrapping på justissektoren med særlig asylsamarbeidet og yttergrensekontroll gjennom Frontex.

### Av Morten Harper

morten.harper@neitileu.no

# Medieblikk

Av Sindre Humberset

## ■ Paal Frisvold

klarte å overraske igjen. Eit oppslag i NA24.no 24. januar slo stort opp at «Norges største EU-fan vil ha **EØS-folkeavstemning**». Dette har jo til no vore ei kampsak for delar av EØS-motstandarane i Nei til EU og i fagrørsla. Og no også leiaren i Europabevegelsen? Frisvold kunne slå fast at «Nå må vi også komme ut av vår **EU-trassalder** og sette spørsmålet på den politiske agenda. Hvilket parti tør å foreslå folkeavstemning om EØS i neste **Stortingsperiode**?». Analytiske hjerner kunne allereie få ein frampeik til kva som seinare skulle skje, her: «Frisvold vil drøfte dette spørsmålet under Europabevegelsens neste sentralstyremøte». Hm ...



■ Det var visst ikkje berre omsynet til det manglande demokratiet i EØS-avtalen som fekk Frisvold til å krevje folkerøysting. I Aftenposten 30. januar grunnjev ja-leiaren framlegget slik: «Hvis vi klarer å få en nasjonal debatt om EØS-avtalen, har vi en mulighet til å **splitte nei-siden**. Det hadde vært bra å se **Trond Giske** gå på banen og forsvare det indre markedet og den betydningen det har for Norge.» Vi har ingen ting å seie på at ein leiar i Europabevegelsen ønskjer splitting på nei-sida, sjølv om ønsket til no ikkje har slått til.

■ Derimot melde Aftenposten 30. januar at «Europabevegelsens styreleder Paal Frisvold fikk **så mye kritikk** da han oppfordret til folkeavstemning om EØS at **han trekker seg**».



Takhøgda i Europabevegelsen var kanskje ikkje så stor som Frisvold trudde? «Min politikk er blitt gjenstand for veldig klar kritikk, og det tar jeg med i vurderingen av mitt lederverv. Forslaget om å holde folkeavstemning om EØS ble møtt med en helt klar og massiv motstand fra de tillitsvalgte i Europabevegelsen», sa ein skuffa Frisvold til avisa. «Ja, **jeg er skuffet**. Jeg er overrasket over at reaksjonene kom så klart og hardt og at det ikke var rom for videre diskusjon». Paradoksalt nok viser vel dette at **strategien om splitting** gjennom EØS-debatt hadde noko for seg. Berre ikkje heilt på den måten Frisvold hadde tenkt. I staden for å splitte nei-sida, var det **ja-sida som sprakk i to delar**. Frisvold mot dei andre.

■ Strengt teke var ikkje Paal Frisvold den einaste som forlot Europabevegelsen. I løpet av 2012 mista Europabevegelsen

Motta Standpunkt som e-avis:

# Les Standpunkt før alle andre!

**No kan du spare miljøet medan du les Standpunkt. Nei til EU vil no tilby Standpunkt, Vett og andre publikasjoner som elektroniske abonnement.**

I staden for å få Standpunkt og Vett pakka i plast i postkassa, kan du no få avisa tilsendt til e-postadressa di, slik at du kan lese den på lesebrettet eller datamaskina di. Nei til EU ønskjer å sende ut medlemsavisa Standpunkt og skriftseriehefta Vett til medlemene våre på e-post (altså digitalt) i staden for å sende det i posten.

– Vi ønskjer sjølv sagt å gjere dette for å spare pengar, men også for å kunne nå medlemene våre med aktuell informasjon raskere. På den måten får du publikasjonane våre omlag ei veke før dei dukkar opp i postkassene rundt i landet, fortel medlemsregistransvarleg i Nei til EU, Remi Moen.

## Veldig god respons


Han har ansvaret for å registrere alle som ønskjer å motta e-avisa.

– Vi har sendt ut førespurnad til dei som vi har registrert e-postadresse til, og responsen har vore veldig bra. Vi reknar med at mellom 500 og 1000 medlemmer går over til digitalt abonnement allereie for denne avisa. For neste nummer reknar vi med endå høgre tal, seier han.

I tillegg til at medlemene får avisa raskare og Nei til EU sparar pengar som vi då kan bruke til anna aktivitet, er det også eit mål å redusere papirbruken og transport for å spare miljøet.

– Standpunkt er i særklasse

**962 medlemmer.** Nei til EU, til samanlikning, mista enda fleire medlemmer. **Heile 1192 i løpet av 2012.** Men den store skilnaden er kor mange som står att. Ved utgangen av 2012 hadde Nei til **EU 27 332 medlemmer**, mot Europabevegelsen som berre hadde **3450 medlemmer** att.



**Enkelt å bruke.** Standpunkt som e-avis er så enkelt å bruke at jamvel ein seksåring får det til. Fireåringen er meir interessert i å bygge ein stegosaurus. FOTO: SINDRE HUMBERSET



Remi Moen

den publikasjonen som vi trykker i størst opplag. Dersom dei som ønskjer det heller får avisa digitalt, vil det gjere ein skilnad.

## Frivillig ordning

Når eit nytt nummer er klart, vil e-avisabonnentane motta ein epost frå Nei til EU med Standpunkt og Vett som PDF-dokument. I tillegg vil det vere med ei lenke til avisa på den nettbaserte publikasjonsløsninga Issuu. Denne er veldig fin å lese på nettbrett som til dømes Ipad.

– Nei til EU har ingen planar om å slutte å gje ut Standpunkt som papiravis. Vi reknar med at dei fleste medlemene framleis vil ha avisa på papir, og vi vil oppmode dei som likar best å lese avisa på gamlemåten om å halde fram med det, slår Remi Moen fast.

Han presiserer at om du

står som husstandsmedlem og ikkje får Standpunkt i posten, kan du også få avisa tilsendt digitalt.

– Vi legg opp til at medlemene må velje anten papiravis eller e-avis. Men mottakarane av papiravisa kan når som helst gå inn på nettsidene våre for å lese både den nyaste utgåva av Standpunkt, eller finne utgåver i arkivet, som går fleire år tilbake.

## Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neitileu.no

## Standpunkt som e-avis

### Her kan du teste e-avisa:

■ <http://www.neitileu.no/kunnskapsbank/publikasjoner/standpunkt>

■ [http://issuu.com/nei\\_til\\_eu](http://issuu.com/nei_til_eu)

Vil du registrere deg som e-avisabonnent? Send ei melding til: [medlem@neitileu.no](mailto:medlem@neitileu.no)

■ Framleis er Europabevegelsen større enn det **største fylkeslaget** i Nei til EU. Men dersom 2013 vert like dårleg for dei som fjoråret, så går i alle fall **Rogaland Nei til EU** forbi. Og no når Europabevegelsen har kvitta seg med Paal Frisvold og går for det **trygge og keisame**, er det vel liten grunn til å tru at

medlemstalet vil eksplodere. **Medieblikk vil takke** Paal Frisvold for fire år der han har gjort norsk EU- og EØS-debatt meir interessant og spanande. Vi vonar at han ikkje har tenkt å trekke seg frå norsk EU-debatt sjølv om han no ikkje lenger er leiar i Europabevegelsen.



■ Ingen premie for å gisse ut denne spalta også må innom hest. Der er mykje å seie om **hestelasagne-saka**, men vi skal fokusere på tullet og tøyset. Og kvar finn vi det, om ikkje på Twitter. Geir Gråbein Nordby (@grabein): «Folk er glade i å bruke uttrykket 'Jeg er så sulten at jeg kan **spise en hest**.' Nå kan du det faktisk! Slutt å klage». Amanda Storemoen (@amandastoremoen) hadde ein triveleg kommentar: «Noen hadde skrevet 'Hest er best' på tavla, og jeg klarte ikke motstå fristelsen til å skrive **'som lasagne'** under=)». Aman Dip Singh (@sjokomann): «**Taco uten rømme** er som lasagne uten hest. Det fungerer bare ikke». Og Øyvind S (@segrov) kunne fortelje om at «Først var det hest i lasagnen. I dag fortalte sønn (4) om **kamel i grøten**.»

■ Også frå politisk hald kjem det interessante tweetar: **Trond Giske** (@trond\_giske) skriv: «**Kortreist hest er best**». Nordland Bondelag på årsmøte i Nordland AP. :-)»



■ **Ragna Kronstad**, kommunikasjonsjef i Noregs Bondelag, utdjuar det nye slagordet i NRK Ytring 19. februar. «Hestekjøttkandalen har vist oss at vi ikke vet hva vi putter i munnen», skriv ho. «For øvrig, det er **ikke noe galt** med hestekjøtt. Selv er jeg vokst opp med **svartpølse** på matpakka. Men det er fint å vite at en gammel gamp blir håndtert på ærlig vis hele veien til **evige beitemarker**».



■ Det er ingen ting som heiter dårleg reklame, seiest det. Det har vel **restauranten Pingvinen** no stadfesta. Aftenposten melde 25. februar at restauranten var «**Utsolgt for hestelasagne**». «Det er ikke uvanlig at vi har hestekjøtt på menyen[...], fredag dro vi det litt langt med hestelasagne, og det var veldig populært», fortalde Sigurd Kvitberg, kjøksjef på Pingvinen pub og restaurant. Vi satsar på at det ikkje var Findus hestelasagne dei serverte.

PÅ NETT MED NEI TIL EU

WEB: [neitileu.no](http://neitileu.no) (Nei til EUs nettsider) TWITTER: [twitter.com/neitileu](https://twitter.com/neitileu) (Viktige kunngjøringar)

FACEBOOK: [facebook.com](https://facebook.com) (Søk etter neitileu)

STORTINGSVALGET 2013 OG NEI TIL EU:

# Skal dele ut 1,3 millioner aviser



**Husstandsutdeling i 2009.** I Ås og Frogn Nei til EU i Akershus var lokallagsaktivistene i 2009 klare for utdeling. Lokallagsleiar Wenche Bachke hadde ingenting imot ei utdelingsrunde. – Dette har vi gjort før, sa ho då til Standpunkt, og sikta til husstandsutdelingar både i 2005, 2003, 2001 og i 1997. I august 2013 er det på han igjen.

FOTO: STIAN NICOLAJSSEN

## Spørsmål kandidatundersøkelsen 2013

Vedtatt i styret 1.-2. mars

1. Mener du at Norge skal bli medlem av EU?

2. Det ligger et forslag til behandling i Stortinget om å endre Grunnlovens § 93. Dette skal gjøre det enklere å melde Norge inn i EU. Forslaget innebærer at Stortinget med 2/3-flertall, etter en rådgivende folkeavstemming, kan melde Norge inn i EU. I dag er kravet 3/4-flertall. Støtter du en slik endring av Grunnloven?

3a. Vil du foretrekke EØS-avtalen dersom alternativet er medlemskap?  
3b. Vil du foretrekke EØS dersom alternativet er en bilateral handelsavtale?

4. Mener du at Norge bør bruke reservasjonsretten i EØS mot Jernbanepakke IV?

5. Et spørsmål om bruken av reservasjonsretten i EØS. Ikke endelig utforma.

## I august og fram til stortingsvalet skal tusenvis av Nei til EU-aktivistar dele ut 1,3 millionar valkampnummer av Standpunkt i postkassene rundt om i landet.

Dei 19 fylkesvise valkampavisene presenterer svarene frå stortingskandidatane i fylket på spørsmål som Nei til EU har stilt dei om EU og EØS-avtalen. Kandidatutspørjinga og valkampavisene er dei største delane av Nei til EU sitt valkamparbeid, men allereie 12. april startar valkamparbeidet med landskonferansen i Oslo.

### Kandidatutspørjinga

Heilt frå stortingsvalet i 1997 har Nei til EU hatt som eitt av sine hovedprosjekt å stille alle aktuelle stortingskandidatane aktuelle spørsmål om syn på EU, EØS-avtalen og aktuelle direktiv. Svarene vert distribuert til veljarane i form av 19 ulike fylkesaviser av Standpunkt fram mot valet 9. september.

– Kandidatundersøkinga er grunnfjellet i kampanjarbeidet vårt. Utan å tilrå enkelte parti eller kandidatar, gir publiseringa rettleiing for veljarar som er opptekne av EU- og EØS-spørsmål, seier Heming

Olaussen, leiar i Nei til EU og ansvarleg for gruppa som planlegg stortingsvalarbeidet.

Avisene vert distribuert fylkesvis, av tusenvis av Nei til EU-aktivistar i fylkeslaga i samarbeid med nei-alliansen. I tillegg vert ei fullstendig svaroversikt lagt ut på neitileu.no. Spørsmåla som vert stilte kan du sjå i boksa under.

### Startar med landskonferansen

Nei til EU sitt valkamparbeid startar lenge før avisutdelinga.

– Landskonferansen i april kan sjåast som første opptrapping til kampanjeperioden. Deretter er 1. mai ein sentral markeringsdato. Etter sommerferien vil Arendalsuka 8.-13. august vere ein naturleg valkampstart, seier Olaussen.

– Elles er det jamt arbeid, med standsverksemd, deltaking i sommar på festivalar og marknader, som er grunnstammen i aktiviteten inn i valkampen. Vi ønskjer å stimulere til aktivt

mediearbeid lokalt, basert på flygeblad, faktaark og lesarbrevbanken, fortel han.

Nei til EU satsar ikkje på å arrangere egne møte i sjølve valkampen, men vil til gjengjeld vere til stades når andre, til dømes parti, media eller organisasjonar, arrangerer opne debattmøter.

### Meir representativt Storting

I det norske folket seier om lag 75 prosent nei til EU, men ifølgje Nei til EU si kandidatundersøking frå 2009 er det ei lita overvekt av EU-tilhengjarar på Stortinget i dag.

– Nei til EU vil arbeide for at Stortinget etter valet skal verte meir representativt. Det gjeld både EU-motstanden som er så solid forankret i det norske folk, men også spørsmålet om alternativ til EØS-avtalen, seier Heming Olaussen.

Når det gjeld standpunkt til EØS så viser fleire Sentio-målingar at eit fleirtal i folket ønskjer ein handelsav-

tale heller enn EØS-avtalen. Stortingsrepresentantane sine standpunkt til EØS er ikkje kartlagt direkte, men ut frå partia sine standpunkt er det omlag 80 prosent ja til EØS på Stortinget.

### EØS og EU-krisa

Ettersom spørsmålet om EU-medlemskap er uaktuelt dei neste fire åra, er det naturleg særleg å prioritere fokuset på EØS-avtalen.

– Vi vil arbeide for å gjere EØS til ei sak som vert diskutert i stortingsvalkampen, saman med aktuelle EØS-direktiv. Det vert også viktig å vise korleis EU og EØS virkar inn på aktuelle valkampsaker, til dømes innan helse- og omsorg, jernbanepolitikk og anna, seier han.

– Spørsmålet om EU si utvikling og solidaritet med folk i Europa skal likevel vere viktig i kampanjen, og vår grunnleggjande argumentasjon mot norsk EU-medlemskap må også med, presiserer han.

### Mål på suksess

Nei til EU reknar ikkje med at EU eller EØS vil verte blant hovudsakene i valkampen. Men der er likevel konkrete mål med kampanjen.

– Stortingsvalarbeidet vårt er ein suksess dersom det vert fleire EU-motstandarar, og fleire EØS-motstandarar på Stortinget. Dessutan om det vert flertal eller blokkerande mindretal på Stortinget mot å endre paragraf 93 i Grunnlova. I tillegg vil vi leggje vekt på om EU- og EØS-spørsmål får merksemd og vert diskutert i valkampen, slår Nei til EU-leiaren fast.

– Dersom vi også aukar medlemstallet og aktiviteten i Nei til EU i løpet av valkampen, vert også det rekna på pluss-sida, smiler han.

### Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neitileu.no



NYTT VETT-HEFTE GRATIS MED STANDPUNKT:

# 10 grunner til at EU vil ønske en tosidig handelsavtale med Norge

Norge har viktige ressurser og er et kjøpesterkt marked for EU. Vett 1-2013 knekker myten om at vi ikke får solgt varene våre til EU uten EØS-avtalen.

Enkelte hevder at uten EØS-avtalen får vi ikke solgt varene våre til EU. Faktum er at handelen har gått fritt mellom Norge og EU lenge før EØS-avtalen. Dersom EØS-avtalen sies opp, skal den tidligere frihandelsavtalen med EU igjen tre i kraft. Den gir tollfrihet for alle industrivarer.

Sett fra EUs ståsted vil en bilateral avtale trolig være det mest interessante alternativet om EØS-avtalen sies opp. Det ligger i sakens natur at en ny avtale vil være en noe tettere tilknytning til EUs indre marked enn handelsavtalen fra 1973 og WTO-regelverket. Vett 1-2013 går gjennom ti grunner til at EU vil ønske en ny handelsavtale med Norge om EØS-avtalen sies opp. Standpunkt gjengir høydepunktene:

## EØS-avtalen og WTO pålegger forhandlinger

